



Forskrift om vass- og avlaupsgebyr - Øygarden kommune

Heimel: Fastsett av Øygarden kommunestyre 14.12.2016 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 3 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 16-1 andre ledd.

§ 1. Generelle føresegner

Kommunen sine abonnentar betalar for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av statlege lover og forskrifter, og dessutan av kommunale reglement og føresegner. Dei viktigaste dokumenta er lista opp nedanfor:

- Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kapittel 16
- Forskrift 14.12.2016 om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune (dette dokumentet)
- Gebyrregulativ for det einskilde år
- Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, tekniske og administrative bestemmelser
- VA-norm for Øygarden kommune
- Leveringsvilkår i høve til kommunen sin hovudplan for vatn og avløp
- Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-3/14)

§ 2. Formålet med forskrifta

Forskrifta gjev føresegner om utrekning og innbetaling av gebyr som abonnentane skal betale for kommunen sine vass- og avlaupstenester.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta meinast med:

- a) Abbonent: Eigar eller festar av eigedom som er tilknytt kommunen sitt vassforsynings- og/eller avløpsanlegg, eller som er godkjend eller kravd tilknytt.
- b) Eigedom: Fast eigedom med eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i høve til lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- c) Abbonement: Avtale mellom abonnent og kommunen om vassforsynings- og/eller avløpstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar og private vass- og avløpsanlegg til kommunen sine vass- og avløpsanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg. Avtale om tilknytning via privat felleisleidning vert rekna som abonnement.
- d) Sanitærinstallasjonar: Abonnenteigde røyr, installasjonar og utstyr innanfor husets yttervegg, som er tilknytt vass- og/eller avløpsanlegg.
- e) Privat vass- og avløpsanlegg: Abonnenteigde private leidningar (stikkleidningar) og utstyr utanfor husets yttervegg, som er tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.
- f) Avløpsvatn: Både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.
- g) Bygg/bygning: Konstruksjon/byggverk med eige bygningsnummer.
- h) Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), til dømes bustad, kontoreining, verkstad og lager.
- i) Bueining: Brukseining som er definert som bustad eller bueining i matrikkelen. Som bueining reknas kvar brukseining som har minst eitt rom og eigen inngang, og kor ein har tilgang til vatn og toalett utan å gå gjennom annen brukseining.
- j) Bustad/bustadseigedom: Eigedom med bygg som brukast til bustadføremål, medrekna fritidsbustad. Bygningstype 100 – 163 etter NS-3457.
- k) Fritidsbustad: Bygg som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen. Bygningstype 161 – 163 etter NS-3457.
- l) Kombinasjonseigedom: Eigedom med ei eller fleire bueiningar, i tillegg til ei eller fleire brukseiningar som ikkje er bueining. Eigedom med ei eller fleire bueiningar og dessutan ein eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk reknas som kombinasjonseigedom.
- m) Næringsseigedom: Bygg som ikkje er bustads- eller kombinasjonseigedom. Bygg for offentlege føremål reknas som næringsseigedom.

- n) Bruksareal (BRA): Bruksareal for ei bygning eller brukseining som er registrert i matrikkelen og berekna med utgangspunkt i NS-3940. Garasjar, uthus, anneks og utvendige buer vert ikkje rekna som bruksareal. (Bygningstype 181 – 182 etter NS-3457.)
- o) Burettslag/sameige: Bygg som brukas til bustadføremål og som er regulert av lov om burettslag eller lov om sameige.
- p) Fiskeri- og landbruksbygning: Bygg med bygningstype 241 til 249 etter NS-3457.

§ 4. Generell gebyrplikt

Plikta til å betale vass- og/eller avløpsgebyr gjeld følgande abonnentar:

- a) Eigedom som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning, direkte eller gjennom privat samleidning.
- b) Eigedom som kommunen i medhald av plan- og bygningslovens § 27-1 eller § 27-2 har kravd tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning.

§ 5. Gebyrtypar

Gebyrtypane er:

- a) Eingongsgebyr for tilknytning til høvesvis vatn og avløp.
- b) Årsgebyr for høvesvis vatn og avløp (summen av fast og variabel del).
- c) Frammøtegebyr for avlesing av vassmålar.
- d) Gebyr for plombering, stenging og opning av vassforsyninga.

§ 6. Gebyrsatsar

Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyret, og trer i kraft frå det tidspunktet kommunestyret bestemmer. Gebyra skal fullt ut dekkje kommunen sine kostnader ved levering av tenestene regulert av denne forskrifta.

Gebyrsatsane kjem fram av gebyrregulativet, og er tilgjengelege på Øygarden kommune sine heimesider.

§ 7. Arealberekningemetode

I den utstrekning gebyrberekninga vert gjort avhengig av busetnaden sin størrelse, skal det vere bruksarealet (BRA) berekna etter NS-3940 som dannar grunnlaget for gebyrfastsetjinga.

§ 8. Tilknytingsgebyr

§ 8-1. Gebyrplikt

Tilknytingsgebyr for tilknytning til vatn og/eller avløp skal betalast for:

- a) Ny tilknytning av eigedom.
- b) Tilknytning av eksisterande eigedom, eller eigedom som kommunen krev tilknytt.
- c) Eksisterande eigedom med tilknytning som ikkje er godkjend.
- d) Anna permanent tilknytning til kommunalt vass- eller avløpsanlegg, til dømes vatningsanlegg for landbruk, idrettsanlegg mv.

Tilknytingsgebyr for tilknytning til vatn og/eller avløp betalast ikkje for:

- e) Bygg som har mellombels tilknytning i opptil eitt år, til dømes brakkerigg. Dersom tilknytninga varer i meir enn eitt år, skal tilknytingsgebyr betalast.
- f) Særskild tilknytning av sprinklaranlegg.

§ 8-2. Ansvar og betaling

Den som er abonnent på det tidspunktet gebyrplikta oppstår, er ansvarleg for betaling av gebyret, og vil få tilsendt faktura.

Gebyret vert fakturert etter gjeldande sats ved gjeve igangsetjingstillating.

Tilknytingsgebyr skal vere betalt før tilknytning.

For eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjent, vert det betalt tilknytingsgebyr etter gjeldande sats på det tidspunktet kravet vert framsett.

§ 9. Årsgebyr

§ 9-1. Gebyrplikt

Årsgebyr skal betalast for alle eigedomar som:

- a) Er tilknytt kommunalt vass- eller avløpsanlegg.
- b) Er pålagt tilknytning i medhald av lov og fristen for tilknytning er utgått.

For nybygg vert årsgebyr berekna frå fyrste termin etter mellombels brukstillating er gjeve eller eigedomen vert teke i bruk dersom mellombels brukstillating ikkje er gjeve. For eksisterande bygg vert årsgebyr berekna frå fyrste termin etter tilknytning.

Gebyrplikta er uavhengig av om det er utandørs tappepunkt/vasspost eller om det er innlagd vatn.

§ 9-2. Gebyret sin oppbygning

Årsgebyra for vass- og avløpsstenester er samansett av to delar:

- a) Abonnementsgebyr (fast del).
- b) Forbruksgebyr (variabel del).

Samla abonnementsgebyr skal dekkje kommunen sine forventa kapitalkostnader. Resten vert dekt inn gjennom forbruksgebyret.

Kor stor del av årsgebyret som skal vere høvesvis fast og variabel del, vert fastsett kvart år i gebyrregulativet.

§ 9-3. Abonnementsgebyr

Bustad og fritidsbustad skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per eigedom.

Burettslag, sameige, kombinasjons- og nærings eigedom skal betale abonnementsgebyr etter fastsette kategoriar i gebyrregulativet.

§ 9-4. Forbruksgebyr

Abonentane skal betale forbruksgebyr etter målt eller stipulert forbruk, som vassforbruk i m³. Både kommunen og abonenten kan krevje at forbruksgebyret vert fastsett ut frå målt forbruk.

Som hovudregel gjeld at avløpsmengda vert rekna lik vassmengda ved berekning av forbruksgebyr. Unntak frå dette er nemnt i § 9-7, femte ledd. Det vert ikkje gjeve nedsett forbruksgebyr for storforbrukarar av vatn.

§ 9-5. Betaling etter målt forbruk

Forbruksgebyr etter målt forbruk skal betalast for:

- a) Nærings eigedom, medrekna også landbrukseigedomar og gartneri, og dessutan andre bygningar som ikkje vert brukt som bustad.
- b) Kombinasjonseigedom.
- c) Anlegg med varig eller mellombels tilknytning i samband med oppføring av bygg eller anlegg. Dette gjeld også for anlegg på ein ikkje utbygd eigedom som kunne vore kravd tilknytt etter plan- og bygningsloven § 27-1 eller § 27-2 dersom den hadde vore utbygd.
- d) Eigedom med basseng.

Desse eigedomane skal ha installert vassmålar, lese av målararen ein gong i året og levere resultatet til kommunen.

For mellombelse tilknytningar kan kravet om vanleg vassmålar fråvikast dersom vassforbruket kan verte fastsett på andre måtar. Dersom det ikkje er mogleg å installere vassmålar kan kommunen fastsetje eit stipulert forbruk.

§ 9-6. Betaling etter stipulert forbruk

Bustadseigedom som ikkje har vassmålar, skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk. Likevel kan både abonenten og kommunen krevje at det skal betalast etter målt forbruk.

Stipulert forbruk vert berekna ut frå bustaden sitt bruksareal i høve til eit forholdstal mellom bruksareal og vassvolum. Forholdstalet går fram av gebyrregulativet.

§ 9-7. Reduksjon av eller tillegg til årsgebyr

Restriksjonar på vassforbruket, avbrot i vassleveransen eller i mottak av avløpsvatn gjev ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra.

Fråflytting eller fråvere gjev ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra. Er busetnaden på eigedomen fjerna, eller øydelagd slik at den ikkje kan verte brukt, vert det betalt årsgebyr inntil stikkleidning er fråkopla (plugga) ved hovudleidninga.

Ved søknad til kommunen kan abonenten få fritak for årsgebyret når eigedomen fysisk vert fråkopla kommunalt leidningsnett. Abonnementet tek slutt når melding om plombering er motteke. Ny tilknytning av eigedomen utløyser ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknytning. Både stenging og ny tilknytning vert føresett utført for abonenten sin kostnad.

For eigedom som ikkje vert brukt som bustad, og der avløpsmengda er vesentleg større eller mindre enn vassforbruket, kan avløpsgebyret verte berekna ut frå målt eller stipulert/berekna avløpsmengd. Der avløpsvatnet si samansetjing avviker frå vanleg hushaldsavløp og verkar fordyrande på drift og vedlikehald av kommunen sitt avløpsanlegg, kan kommunen fastsetje eit tillegg til avløpsgebyret til dekning av meirkostnadane. I slike tilfelle vert det inngått ein separat avtale mellom kommunen og abonenten.

Ved dødsfall utan kjende arvingar og liknande kan kommunen frita eller utsetje innkrevjinga av heile eller delar av gebyret i inntil to kvartal som eit eingongstiltak.

§ 9-8. Gebyrreduksjon i medhald av forbrukerkjøpsloven sine reglar om prisavslag

Abonnenten har rett til reduksjon i gebyr (prisavslag) ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukerkjøpsloven sine reglar om prisavslag. Abonnenten har rett til redusert gebyr dersom eit ikkje varsla avbrot i vassforsyninga varar i meir enn 24 timar.

Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen er skulda forhold på kommunen si side, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Kommunen pliktar å bidra til å avklare ansvarsforholdet.

Generell tilråding om kokning som sikkerheitstiltak etter trykkfall som følgje av reparasjon, spyling, brannsløkking mv., gjev ikkje gebyrreduksjon.

Krav om redusert gebyr må fremjast innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon. Sats for gebyrreduksjon vert fastsett i gebyrregulativet.

§ 9-9. Pålegg om utbetring

Kommunen kan krevje dekt alle kostnader direkte knytt til tiltak som følgje av at abonnent har unnlåte å etterkome pålegg om å utbetre lekkasjar på eigedomens vassleidning eller manglar ved avløpsanlegg eller sanitærutstyr. Ved omlegging eller utbetring av avløpsleidningar kan kommunen krevje at eigar av tilknytt stikkleidning set i verk tilsvarende omlegging eller utbetring.

Gebyrpliktig som unnlåt å etterkome pålegg om utbetring av lekkasjar som medfører forureining kan vere nøydd til å betale tvangsmulkt etter forurensingslovens § 73.

§ 9-10. Ansvar for opplysingar om abonnement

Abonnenten skal melde frå til kommunen om endringar i abonnementsforholdet. Inntil kommunen har motteke melding og oppdatert abonnementsdata frå matrikkelen, skal abonnenten betale årsgebyr som tidlegare.

§ 9-11. Ansvar for gebyra

Abonnenten har ansvar for betaling av årsgebyret, uansett om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller annan rekningsmottakar.

Abonnentar som samarbeider om felles vassmål, er solidarisk ansvarlege for gebyra. Gjeld slikt samarbeid eit sameige etter lov om eigarseksjonar, er kvar abonnent ansvarleg for mengdevariabel del av gebyret i samsvar med sin eigarpart, dersom ikkje anna fordeling er fastsett i sameiget sine vedtekter eller bindande vedtak i sameiget.

§ 9-12. Retting av feil gebyrberekning

Har mangelfulle eller feil opplysingar ført til feilaktig gebyrberekning, skal berekninga rettast og differansen verte gjort opp. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar vert ikkje dekt.

§ 10. Føresegner for installasjon og bruk av vassmål

§ 10-1. Installasjon

Kommunen bestemmer kor mange vassmålalar den einskilde abonnent skal ha, og dessutan type, storleik og plassering på vassmålaren.

Kommunen skal godkjenne den som skal stå for installasjon og vedlikehald, og dessutan eventuell flytting, byting eller fjerning av målaren.

Dersom eksisterande eigedom med vassmålalar blir oppdelt i nye eigedomar, skal kvar av dei nye eigedomane ha eigen vassmålalar.

Abonnentar kan samarbeide om felles vassmålalar der det vil vere særleg kostbart å installere eigen målalar for kvar eining. Årsgebyr vert fordelt på abonnentane etter reglane i § 9-11, 2. ledd.

Pålagt vassmålalar for ny eigedom skal vere installert seinast når det vert gjeve mellombels brukstillating eller eigedommen vert teke i bruk, og for eksisterande eigedom når den vert tilknytt. Unnlåst dette, skal abonnenten betale stipulert årsgebyr etter § 9-6.

For installasjon og bruk av vassmålalar gjeld elles kommunen sine tekniske føresegner.

§ 10-2. Eigarforhold og kostnader

Den einskilde abonnent eig sjølv vassmålaren og kostar sjølv på installasjon, drift og utskifting av vassmålalar.

§ 10-3. Avlesing av vassmålalar

Abonnenten skal lese av vassmålalar så nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist.

Unnlèt abonnenten å setje i verk avlesing kan kommunen etter purring fastsetje årsgebyret etter skjøn. Kommunen kan også sjølv setje i verk avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten og kan krevje særskild gebyr for dette.

§ 10-4. Tilsyn og vedlikehald

Abbonenten skal halde målar lett tilgjengeleg for avlesing, tilsyn og vedlikehald.

Abbonenten skal føre tilsyn med målar. Abonnenten er også ansvarleg for å følgje med på forbruksutviklinga, slik at lekkasjar eller feil oppdagast snarast mogleg. Vert ein målar skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Som skade reknast også at plombering av målar er broten.

Kommunen kan føre tilsyn med målar. Kontrollør frå kommunen skal legitimere seg utan oppmoding.

§ 10-5. Nøyaktigheitskontroll

Både kommunen og abonnenten kan krevje nøyaktigheitskontroll av målar. Dersom kontrollresultatet ligg utanfor feilmarginen etter § 10-6, vert det utført ei justering, eventuelt utskifting av vassmålaren, utan utgifter for kommunen.

§ 10-6. Avrekning ved feilmåling

Dersom målar ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling av for mykje betalt årsavgift som følgje av feilmålinga. Er plomberinga broten, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling.

Tilbakebetalinga vert rekna frå det tidspunkt feilen må antakast å ha oppstått.

Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar vert ikkje dekt.

Viser målar meir enn 5 % for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarende reglar.

§ 10-7. Utskifting og flytting

Er målenøyaktigheita for dårleg, bestemmer kommunen om målar skal justerast eller skiftast ut. Når vanleg levetid for ein målar er nådd, kan kommunen bestemme at målar skal skiftast ut heilt eller delvis.

Kommunen kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med kommunens krav til plassering. Abonnenten kostar på slik flytting.

§ 11. Innbetaling av årsgebyr

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedomen etter panteloven § 6-1. Gebyra kan verte kravd inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

§ 11-1. Innbetaling

Abbonementsgebyr og forbruksgebyr vert innkravd på felles faktura.

Avlesing av målt vassforbruk vert gjort éin gong per år. Forbruksgebyret vert betalt à konto basert på fjorårets forbruk. Avrekning skjer fortrinnsvis på 1. termin (faktura) året etter.

Dersom abonnenten sitt vassforbruk har endra seg mykje frå siste målaravlesing, kan kommunen endre à konto beløpet. Abonnenten skal verte varsla før slik endring finn stad.

Faktura vert sendt til abonnent, eller til annan rekningsmottakar etter avtale.

Kombinasjonsbygg med felles målar som har avtalt med kommunen at dei skal fakturerast felles, vert fakturert via ein eigar/festar av eigedomen eller særskild avtalt rekningsmottakar.

§ 11-2. Manglande innbetaling

Dersom årsgebyret ikkje er betalt innan ein månad etter at den gebyrpliktige har motteke andre gongs varsel om innbetaling kan kommunen, når kommunelegen ikkje motsett seg det, stengje den kommunale vassforsyninga til eigedomen.

Kommunen kan gje den gebyrpliktige eit tilleggsgebyr i sambinding med avstenging og påsetjing av vassforsyninga. Tilleggsgebyret vil utgjere kommunens faktiske kostnader med avstenging og påsetjing av vassforsyninga.

§ 12. Klage og omgjering

Det er ikkje klagetilgjenge på gebyr som er fastsett i høve til kommunen sitt gebyrregulativ, jamfør forvaltningslovens føresegner.

Enkeltvedtak treft i medhald av denne forskrifta, kan klagast til særskild klagenemnd, jamfør forvaltningsloven § 28 andre ledd.

Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er klaga inn.

§ 13. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2017.

Frå same tid vert gjeldande forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Øygarden kommune oppheva.